



Ørskog kommune
- Sunnmørsperla ved Storfjorden -
Rådmannen

Arkiv: FA-L12
Saksmappe: 18/478
Saksbehandlar: Cecilie Solli
Dato: 14.06.2019

Reguleringsplan for Sjøholt sentrum - utlegging av forslag til offentlig ettersyn

Utvalssaksnr.	Utval	Møtedato
35/19	Kommuneplanutvalet	25.06.2019

Samandrag:

Ørskog kommune vert ein del av nye Ålesund kommune 01.01.2020. Sjøholt er i dag kommunesenter, og intensjonsavtalen viser til Sjøholt som eit av sentera nye Ålesund skal satse på i framtida, dette skal planen legge til rette for.

Dei nasjonale forventningane til planlegginga som kom i mai 2019 er heilt på linje med målsetningane i kommunen sin eigen planstrategi frå 2017 om m.a. sentrumsutvikling. Reguleringsplanen skal legge til rette for ei klimavennleg utvikling av Sjøholt som spesielt vektlegg grøn mobilitet som t.d. gang og sykkelnettverk, fortetting og god handtering av overvatn.

Reguleringsplanen skal legge til rette for ei utvikling av Sjøholt som ein sjølvstendig, grøn og vital fjordlandsby med ein tydeleg identitet. Sjøholt skal bruke det beste av alle sine muligheiter; opne sentrum opp mot fjorden, aktivisere kystlinja, styrke dei historiske linjene og ta vare på eldre, identitetsberande bygg frå alle delar av Sjøholt si historie og skape gode byrom der folk kan møtast.

Eit mål med planen er at den skal speile innbyggjarane, næringslivet, politikarane og andre interessentar sine ønskjer, og slike legge til rette for at utvikling vil skje. Involvering og medverking har derfor vore svært sentralt i heile planprosessen. Folkemøter og verkstader, i kombinasjon med uformell medverking og dialog har vore viktig for å la aktørar frå ulike interesse- og samfunnsfelt komme til orde. Slik medverknad verkar mobiliserande gjennom å få aktørar i tale, gjere dei bevisste si eiga rolle og posisjon i lokalsamfunnet.

Med den nye planen ønskjer vi å legge nødvendige føringar for å kunne skape den fjordlandsbyen innbyggjarane ønskjer seg. Målet er ein god balanse mellom nødvendige styringsgrep og fleksibilitet slik at næringslivet, grunneigarane, offentlege instansar og andre premissleverandørar vil kunne utvikle Sjøholt til ein trygg, funksjonell og attraktiv stad for alle.

Vedlegg som følger saka er:

- Framlegg til plankart, A1 layout, M1:2000 - Nordplan
- Framlegg til konsekvensutgreiing og ROS, trafikk- Nordplan
- Framlegg til konsekvensutgreiing og ROS, øvrige KU-tema- Nordplan
- Sjekkliste, ROS (skjema frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal) - Nordplan
- Støvfagleg vurdering, vegtrafikkstøy med kartvedlegg- Nordplan
- Flaumkartlegging – Asplan Viak
- Planomtale – Ørskog kommune
- Føresegner – Ørskog kommune
- Evalueringsrapport parallelloppdraget– Ørskog kommune
- Ungdommen si stemme

Vedlegg; Dok.dato	Tittel	DokID
18.06.2019	FRAMLEGG 18.06.2019 T REGPLAN-A1-L	159855
19.06.2019	Planomtale reguleringsplan for Sjøholt Sentrum høyringsutkast	159858
19.06.2019	Føresegner for reguleringsplan Sjøholt Sentrum høyringsutkast	159859
18.06.2019	Ungdommen si stemme i reguleringsplan	159854
18.06.2019	KU og ROS RevB 18.06.19	159857
18.06.2019	KU - trafikk RevB 18.06.19	159856
14.06.2019	Sjekkliste ROS 13.06.19	159777
14.06.2019	Områdeplan Sjøholt - støykartlegging	159778
17.06.2019	Flomkartlegging Sjøholt rapport oppdatert 22.3.2019	159821
17.06.2019	Rapport - Frå tettstad til fjordlandsby i nye Ålesund kommune	159822

Saksopplysningar:

Reguleringsplan for Sjøholt sentrum med høyringsutkast er klart for utlegging til offentlig ettersyn i tråd med plan og bygningslova § 12-10.

Reguleringsplanen skal ligge til ettersyn i minst 6 veker i følge lova, sentrumsplanen har så stort omfang, og vil vere hovudsentrum i aust i nye Ålesund kommune, at fristen vert forlenga utover 6 veker. Planen vert foreslått med høyringsfrist satt til 17.08.2019.

Merknader som er motteke etter planprogrammet vart lagt ut til høyring er tatt med i stadfeste planprogram som vart vedteke i KS-89/18 29.11.2018. Det er ikkje motteke merknader på dette vedtaket som vart sendt til regionale mynde. Det har vore dialog med Statens vegvesen gjennom heile prosessen og rådmann meiner at planen slik den vert framlagt i høyringsutkastet er i tråd med retningslinjer som er gitt frå Statens vegvesen. To avkøyrslar mot syd vert steng, og ein veg igjen opna. Mot nord vert avkøyrslar lengst mot vest innsnevra og FV104 flytta mot vest. Dette er grep som vil gi eit oversiktleg trafikkbilete.

Vurdering:

Vurdering Folkehelse

Planen vil bidra til å auke folkehelsa ved at den legg til rette m.a. for trygg ferdsel for gåande og syklende i heile planområdet. Uterom og sentrumsnær friluftsliv som kan nyttast av ålmenta er også med å bidra til auka folkehelse. Regjeringa set krav til medverknad i reguleringsplanlegging. Dette handlar sjølvstendig om å skape gode reguleringsplanar, der medverknad har også ein eigenverdi gjennom å auke folkehelsa. Det har vore brei medverknad gjennom heile prosessen, Planen for Sjøholt sentrum vil kunne bety mykje for mange, også dei utan eigarinteresse, fordi dei er brukarar av Sjøholt som sentrum.

Vurdering Økonomiske konsekvensar

Planen vil ha økonomiske konsekvensar for kommunen gjennom flaumtiltak som må vere utført før ein kan realisere planen. Det er lite offentlig areal, det meste av offentlege arealet er på infrastruktur. Det er ikkje gjort kostnadsanalyse for tiltak som følgje av planen.

Vurdering Barn/unge

Barn og unge har tatt del i prosessane. Ungdommens kommunestyre har gjort egne vedtak og kome med konkrete innspel til planen. Det har vore gjennomført workshop på ungdomsskulen og hatt eigen møter der born og unge er spesielt invitert. Ungdommen har kome med eigen kommentar som vert lagt ved saka. Årøyhaugen barnehage har også kome med innspel til trygg kryssing til biblioteket.

Vurdering klima / miljø

Klimaendringar vil gi auka temperatur, meir nedbør, hyppigare episodar med styrtregn og hyppigare og større flaumar i små vassdrag. Elvar og bekkar frå nord og Ørskogelva verkar inn på flaumfare for Sjøholt. I tillegg vil klimaendring påverke havnivå og nivå for stormflo.

Opning av bekker med fordrøyning og voll nord for Ørskogelva er konkrete tiltak som kan betre situasjonen innan planområdet. Opne løysningar er positivt både for som bymiljøtiltak og biomangfald.

Tiltak for å auke talet på gåande og syklande vil ha stor innverknad på klima og miljø.

Miljødirektoratet har tildelt Ørskog kommune klimasatsmidlar for Grøn mobilitet på Sjøholt, merking av vegbane kan føre til at færre nyttar bilen for å bevege seg i sentrum som vil ha stor gevinst i klimaperspektiv.

Rådmannen legg saka fram med slik

Innstilling:

Kommuneplanutvalet i Ørskog kommune vedtek med heimel i plan og bygningslova § 12-10 å legge ut reguleringsplan for Sjøholt sentrum til offentleg ettersyn. Høyringsfrist vert satt til 17.08.2019.

25.06.2019 Kommuneplanutvalet

Plankartet og føresegnene vart grundig presentert og diskutert. Mindre endringar vart påpeika i møtet, og rådmannen endrar planutkastet i tråd med innkomne innspel før utsending.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

KP-35/19 Vedtak:

Kommuneplanutvalet i Ørskog kommune vedtek med heimel i plan og bygningslova § 12-10 å legge ut reguleringsplan for Sjøholt sentrum til offentleg ettersyn. Høyringsfrist vert satt til 17.08.2019.

Rådmannen i Ørskog
Synnøve Vasstrand Synnes

Planleggar
Cecilie Solli